



Påbygg av Fjelly i 1997, Audun Eik og Tor Jarle Kjærland

I samband med 100 årsjubileet til ungdomslagshytta Fjelly, inviterar vi til skannekveld i Helgeheim tysdag 7. februar frå kl. 17.-19.30

Som tidlegare annonsert er bileta tenkt nytta i ei bilet og historiebok som skal plasserast på Fjelly.

Vi har utstyr for å skanna opptil A4 bilete, glasplater og lysbilete/slides.



Edvin Kjærland legg skifer på taket i 1998

Bilete - Lysbilete

Har du gamle eller nyare bilete av Fjelly og område rundt, er dette av interesse. Har du album med gamle bilete, frå 1940 fram til 1990 tallet, ta dei med så kan vi vurdere om det er aktuelt å ta det med.

Digitale bilete

Har du digitale bilete frå år 2000 og frametter er også dette av interesse.

Tema

Interessante tema kan vera:

- Samlingar/festar på hytta
- Skuleklassar og andre grupper
- Bygging og restaurering
- Fiske, naustet og båt
- Tekstar, songar skrivne på og om hytta

Det er bare å møte fram seinare enn kl. 17, vi vil halda ope til kl. 19.30.

Bileta vil bli vurdert registrert i ungdomslaget sitt biletarkiv.
Eigar av bilete vil få digital kopi av bilete.

Tekst/Foto/Nett: Hans Ordin Østebø